



# NB-informasjon

Til tillitsvalde i Norges Bondelag - Nr 1, januar 2010

## Småkraft som næringsveg

Norges Bondelag har i Prinsippprogram 2009 – 2013 fokus på fornybar energi. Eit viktig tiltak er å satse på småkraft som tilleggsnæring gjennom prosjektet Småskala kraftverk. Småkraft er eit aktuelt tema for diskusjon i lokallaga med siktemål på lokal næringsutvikling og som ein del av den samla energi- og klimadebatten.

### Servicetilbod frå prosjektet

- Informasjon om alle slag småkraftspørsmål, både i personleg møte og pr. e-post eller telefon. Informasjonen til bønder og grunneigarar er gratis
- Prosjektleiari kan arrangere eller delta i møte med småkrafttema som hovudsak eller deltema, alt frå grendemøte, møte i lokale bondelag til større konferansar. Synfaringsturar til småkraftverk i drift kan også arrangerast.

### Meir informasjon

Kontakt prosjektleiari Terje Engvik (biletet)  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Postboks 153, 6801 Førde  
Telefon: 57 83 70 86/ 975 17 111  
e-post: [terje.engvik@bondelaget.no](mailto:terje.engvik@bondelaget.no)  
[www.bondelaget.no](http://www.bondelaget.no), sjå tema:  
Energi, miljø og klima.



## Prosjektet Småskala kraftverk - næringsveg i bygdene

Det 3-årige prosjektet starta opp 1. oktober 2008. Hovudmålet i prosjektet er å stimulere til og sikre ei miljøforsvarlig utbygging av småkraftverk med vekt på lokalt eigarskap og verdiskaping med basis i garden og bygda sitt ressursgrunnlag.

Prosjektet skal:

- Sikre at mest mogleg av verdiskapinga vert på lokale hender
- Gi bønder og grunneigarar informasjon om fallrettar, organisering og heile planleggings- og byggeprosessen for småskala kraftverk
- Synleggjere bøndene og landbruket sine interesser i arbeidet med fylkesvise småkraftplanar
- Engasjere seg i utfordringane med for dårleg utbygd linjenett for ny kraftproduksjon
- Drive breitt informasjonsarbeid og etablere faglege møteplassar i eigen regi og i samarbeid med andre.

## Prosjektorganisering

Prosjektet er eigd av Norges Bondelag i lag med fylkesbondelaga i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Desse tre fylka, med 45% av småkraftressursane i landet, er hovudarbeidsområdet for prosjektet. Fullstendig prosjektnamn er "Prosjekt småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet". Men prosjektet gir også hjelp til grunneigarar i resten av landet.

Styringsgruppa i prosjektet er leia av fagsjef Cesilie Aurbakken i Norges Bondelag. I styringsgruppa sit dessutan Jørgen Holte frå Møre og Romsdal Bondelag, Bjørn Lauritzen frå Småkraftforeninga og Bjørn Harald Haugsvær frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Prosjekteter lokalisert til Sogn og Fjordane Bondelag sitt kontor i Førde.

## Kva er småskala kraftverk?

Småskala kraftverk omfattar alt frå dei minste mikrokraftverka som kan produsere straum til

ein eller to husstandar, via minikraftverk frå 100 kW til 1 mW og småkraftverka i storleik frå 1 til 10 MW. Dei minste minikraftverka produserer straum tilsvarende årsforbruket til om lag 20 husstandar, og dei største småkraftverka til 2.000 husstandar. Det finst også døme på kraftverksutbygging i rein grunneigarregi med kraftverk større enn dei største definerte småkraftverka.

## Fallretten

Retten til å utnytte vassfallet er grunnlaget for all småkraftutbygging. Situasjonen er sjeldan så oversiktleg at det berre er ein eigar som har full rett til grunn og vassdrag på begge sider av elva eller bekken.

Med fleire grunneigarar, blanding av fullt eige og sameige og kanskje andre som har vassrettar i tillegg til grunneigarane langs vassdraget, er det viktig å få avklara korleis fallrettane fordeler seg. Ei slik avklaring bør skje tidleg i prosessen. Grunnregelen utanom sameige er at tal høgdemeter mellom inntaksdam og kraftstasjon for kvar grunneigar vert lagt til grunn for fordelinga. Viss grunneigarane ikkje finn ut av fallrettsfordelinga ved eiga hjelp eller ved bruk av rådgjevarar, bør saka gå til jordskifteretten for avgjerd.

## Grunneigarsamarbeidet

Småkraftsatsing kan gi ny giv i bygda både fagleg, økonomisk og sosialt viss prosessane er gode frå starten. Eit godt råd er å informere alle moglege fallrettseigarar og interessantar på eit tidleg tidspunkt og gjere grundig arbeid med vurdering av alternativ og planlegging. Start med avklaring av fallrettane. Formalisering av samarbeidet mellom grunneigarane skjer i praksis på mange ulike vis. Men pass iallfall på å utforme konklusjonar frå møte skriftleg og protokollere dei.

Standardavtalar som kan nyttast som eit grunnlag når grunneigarane skal formalisere samarbeidet seg imellom, finn ein på nettsidene til Norges Bondelag [www.bondelaget.no](http://www.bondelaget.no) tema Energi, miljø og klima og Småkraftforeninga [www.småkraftforeninga.no](http://www.småkraftforeninga.no). Mykje småkraftfagstoff ligg også på Norges Vassdrags- og Energidirektorat sine sider [www.nve.no](http://www.nve.no).

Dette er dei viktigaste avtalemåleane ein kan få bruk for:

- Intensjonsavtale mellom fallrettseigarane om felles utnytting av fallrettane
- Avtale mellom fallrettseigarane om felles utnytting av fallrettane *eller*
- Vedtekter og stiftingsdokument for fallrettslag
- Avtale mellom fallrettseigarane og kraftselskapet om utleige av fallrettane
- Vedtekter for aksjeselskapet viss fallrettsseigarane også skal eige kraftverket A/S.

## Ulike utbyggingsformer

Fallrettseigarane sit på rettane som gir grunnlag for økonomisk utnytting til vasskraftproduksjon. Fallretten er ein ressurs som bør følge garden og gi varige inntekter.

I småkraftnæringa går det difor eit klart skilje mellom fallretten på den eine sida og kraftproduksjonen på den andre sida. Fallretten gir stabile, faste inntekter til fallrettseigaren, medan kraftproduksjonen er forbunde med meir risiko og gir varierende inntekter til eigaren avhengig av straumpris og kostnader det enkelte år.

Kraftproduksjonen må alltid skje i eit eige selskap, som regel eit aksjeselskap. Generelt gjeld det at verdiskapinga på garden og i bygda kan bli større jo sterkare grunneigarane engasjerer seg i kraftproduksjonen. Det er ikkje nødvendig med eigen spisskompetanse frå energibransjen for å byggje kraftverk i grunneigarregi. Men det krevjast at nokon av grunneigarane kan setje av tidsressursar og administrere ein prosess med innleige av spesialistar.

Større investeringar i produksjonsanlegg medfører alltid ein viss risiko, og fallrettseigarane må ta valet mellom 3 ulike alternativ for utbygging av småkrafta:

- *Utbygging i rein grunneigarregi.* Grunneigarane står då både som fallrettseigarar og eigarar av kraftselskapet. Inntektsstraumen er sett saman av fallrettsleige og utbyte frå aksjeselskapet.
- *Utbygging i lag med ein profesjonell partner.* Grunneigarane engasjerer då ein

partner som kan ta seg av kan ta seg av planlegging, bygging og drift, men grunneigarane eig kraftselskapet i lag med partnaren. Partnaren kan vere det lokale energiverket eller ein rein kraftutbyggingsaktør. Også her vert det fallrettsleige og utbyte på grunneigarane, men utbyttet må delast med partnaren i forhold til eigarfordelinga.

- *Bortleige av fallrettane til eit utbyggingselskap.* Fallrettseigarane gjer i dette høvet ein avtale om bortleige av fallrettane til eit energiselskap eller utbyggingselskap for ein periode på til dømes 40 år. Dette selskapet byggjer og driv kraftverket og får heile overskottet av kraftproduksjonen. Inntekta til grunneigarane vert berre fallrettsleiga. I slike høve er det spesielt viktig å få ein så god fallrettsleigeavtale som mogleg.



Horpedal kraftverk, Fjærland

## Planleggings- og byggeprosessen

Vel grunneigarane å satse på utbygging i eigen regi, er det viktig at det vert sett av tid til å kvalitetssikre og strukturere planlegginga og bygginga av kraftverket slik at ein får eit godt resultat.

I dei aller fleste høva vert det nødvendig å leige inn ekstern fagkompetanse til heile eller delar av prosessen. Det skal utførast hydrologiske berekningar, miljøundersøkingar, prosjektering og skriving av melding og eventuelt konsesjonssøknad til NVE. Nett-tilknytning, finansiering, selskapsetablering og søknader til kommunen må ordnast. Når alle løyve er gitt, må ein syte for eit godt opplegg for anbod, utstyrsleveransar og byggeleing.

## Økonomi og grønne sertifikat

Kor lønsamt eit småkraftprosjekt er, avhenger heilt av utbyggingskostnaden pr. kWh. Ein del av dei fyrste og beste prosjekta som vart bygde ut, hadde ein utbyggingskostnad på under 2 kroner pr. kWh. Desse gir god lønsemnd i dag. Andre prosjekt er mykje dyrare å byggje ut og kan ikkje realiserast utan høgare energipris eller særskilde stimuleringsordningar for ny, fornybar energi.

Kor høgt opp ein kan gå i utbyggingskostnad, vil vere avhengig av risikovilje hos grunneigaren og banken, framtidstru og eigenkapitalsituasjon. Utan særskilde stimuleringsordningar må ein i praksis vurdere investeringa nøye når kalkulert utbyggingskostnad nærmar seg området frå snautt 3 kroner til kring 3,50 pr kWh. Mikrokraftverk og små minikraftverk kan få ein noko høgare kalkulert utbyggingskostnad pr. kWh, men dette vert ofte kompensert ved stor eigeninnsats i planlegging og bygging og eventuelt uttak av straum til eige forbruk utan nettleige.

*Grønne sertifikat* kan endre økonomien i småkraftutbygginga radikalt og gi grunnlag for økonomisk utbygging av langt fleire fall. 7. september 2009 skreiv Regjeringa prinsippavtale med Sverige om ei felles ordning med grønne sertifikat frå 2012. For å motverke taktisk stans i aktiviteten i småkraftnæringa fram til sertifikatordninga tek til å gjelde, er det stadfesta at verk med byggestart etter 7. september vil bli inkludert i ordninga. Tilbakeverkande kraft tilbake til 1. januar 2004 vil berre gjelde mikro- og minikraftverk, og då med ei avkortingsordning for den tida verka har vore i produksjon før oppstart av sertifikatordninga.

Tidlegare løfte om meir omfattande tilbakeverkande kraft er dermed ikkje innfridde. Sertifikatordninga verkar slik at alle forbrukarar av straum, i praksis gjennom energileverandørane, vil bli pålagt å kjøpe grønne sertifikat for ein viss del av straumforbruket. Denne ekstra sertifikatkostnaden vil bli inntekt for nye produsentar av ny fornybar energi. Medan forbrukarane berre vil få eit lite påslag på straumprisen, vil nye energileverandørar som vert omfatta av ordninga, få eit kraftig løft i

inntektene. I Sverige har sertifikatprisen lege på 20 til 25 øre pr. kWh i gjennomsnitt.

## Viktige sjekkpunkt ved småkraftplanlegging

- Avklar fallrettane tidleg i prosessen
- Kontakt det lokale energiselskapet og sjekk om det er plass til ny straum på nettet
- Vurder kva for leverandørar eller samarbeidspartnarar som høver for prosjektet og sjekk referansar
- Sørg for å kvalitetssikre alle avtalar som vert skrivne
- Innhent alltid fleire, konkurrerande tilbod, ikkje minst viss ein vel å gå i samarbeid med ein utbyggingspartnar
- Fleire tilbod er også aktuelt ved finansiering. Ved gode prosjekt treng ikkje eigenkapitalkravet bli særleg høgt.

